UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

Årsmelding for Utdanningsforbundet Øygarden

1. januar 2020 -1. august 2020

Styret har vore samansett slik (frå 1. januar 2020):

Leiar:	Elisabeth Hummelsund
Nestleiar:	Aud Karin Oen
Styremedlemer:	Vibecke Hodnekvam
	Nina Zandstra
	Bjørn Lie
	Kristine Berdal
	Ingelin D. Våge
	Bente K. Lervik (leiarmedlem)
	Hallgeir Dale
	Merete N. Ingebrigtsen
	Cathrine Olsen
1.vara:	Renate M. Brekken
2.vara:	Lars Kvalem
3.vara:	Irene Boberg

Hovudtillitsvalde, skule:	Nina Zandstra
	Vibecke Hodnekvam
	Jane Føllesdal
Vara:	Elisabeth Hummelsund
Hovudtillitsvald, barnehage og andre:	Cathrine Olsen
Vara:	Kari Lønningen

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

Hallgeir Dale har vore skrivar på styremøta.

Vibecke Hodnekvam har vore kasserar.

Valnemnda har vore samansett slik: Sølvi Schei

Sølvi Kallestad

Nils Arthur Amundsen

June Beth Wenberg

Borghild M. Fjell

Endre Fløio

Ellen Kvebæk

Vara til valnemnda har vore: Torkil Brigtsen

Silje-Margrethe T. Austevoll

Eldbjørg Syltøy

Medlemstalet pr. august 2020 var 1197. Medlemstalet har auka noko sidan samanslåinga. Dei arbeidsplasstillitsvalde gjer ein viktig jobb i samband med verving av nye medlemer.

Vi har tillitsvalde og klubbar på dei 17 barneskulane, dei 4 ungdomsskulane og dei 3 avdelingane av vaksenopplæringa.

Vi har tillitsvalde og klubbar i dei femten kommunale barnehagane og i dei fleste av dei 17 private barnehagane.

Vi har tillitsvald og klubb på den vidaregåande skulen vår.

Vi har tillitsvald og klubb på PPT.

Vi har tillitsvald og klubb hos spesialpedagogane for barnehagane.

Vi har medlemer på kommunehuset, på Nordsjøfartsmuseet og på biblioteket.

Vi har leiarforum og leiarråd i Utdanningsforbundet Øygarden.

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

Skulering

Utdanningsforbundet Øygarden hadde 42 tillitsvalde med på storkurset/TV 4 i februar.

Leiar har vore på 2 fysiske leiarsamlingar i regi av Utdanningsforbundet Hordaland. Etter 12. mars var det digitale samlingar for leiar/nestleiar og hovudtillitsvalde minst ein gong i veka.

Leiar har vore på eit sentralt tariffkurs.

Vi har hatt medlemer med på PBL-pensjonskurs i regi av UDF Hordaland.

Vi har hatt skuleleiarar og arbeidsplasstillitsvalde med på fagdag om fagfornyinga i regi av UDF Hordaland.

Styret sitt arbeid

Styret har hatt 5 styremøte etter samanslåinga, 2 av desse møta var på Teams. I tillegg hadde styret konstituerande styremøte i desember 2019 (før samanslåinga).

Dei hovudtillitsvalde og lokallagsleiaren har rapportert til styret som har ansvar for alle delar av organisasjonen.

Leiar og nestleiar har hatt eitt møte med valnemnda.

Dei hovudtillitsvalde, leiaren og nestleiaren har vore på 2 nettverksamlingar med HT-ane og lokallagsleiarane frå Askøy og Bjørnafjorden. Ei av desse samlingane var på Teams. Nettverksamlingane gir oss mogelegheit til å diskutere felles saker og problemstillingar, og vi kan utveksle erfaringar.

Vi har hatt 3 ATG-møte og 2 ATB-møte. I tillegg har vi hatt 3 ATG-møte på Teams.

Det har vore ei samling for leiarforum-skule.

Medlemer som nærmar seg pensjonsalder, får tilbod om pensjonssamtale med Lars Bleie. 5 medlemer har hatt ein slik samtale. UDF Øygarden tek kostnadene med desse samtalane.

Dei hovudtillitsvalde, varahovudtillitsvald, nestleiaren og leiaren har hatt mange møte denne perioden. Det har vore faste samarbeidsmøte kvar torsdag. På desse møta har vi rådført oss med kvarandre i aktuelle saker. Vi har fått innblikk i kvarandre sine arbeidsoppgåver og utfordringar. I tillegg har vi hatt andre møte om ulike saker.

Ei viktig oppgåve denne perioden har vore å bli litt kjend med medlemer og arbeidsplasstillitsvalde, spesielt i dei private barnehagane. Leiar og nestleiar har vore på 3 barnehagebesøk i private barnehagar.

Leiar og nestleiar har hatt eitt møte med spesialpedagogmedlemer.

UDF Øygarden har sendt innspel til høyring om inntaksordning til vidaregåande opplæring.

UDF Øygarden har sendt innspel til høyring om vurdering, eksamen og vurderingsordningar.

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

UDF Øygarden har sendt skriv til politikarane om opningstid i barnehagane.

UDF Øygarden har skrive sendt skriv til politikarane og skrive lesarbrev om økonomien for oppvekstsektoren i kommunen.

Vi har arrangert kinoframsyning for medlemene (og andre). Filmen var «Systemsprengeren», og vi selde 209 billettar. Medlemene fekk rabatterte billettar (kr. 50.-).

UDF Øygarden har eit reglement for gåve/merksemd. Ein del medlemer har fått sekk ved fylte 40 år, blome/gåvekort ved fylte 50, 60 og 70 år og sekk og helsing når dei har gått av med pensjon.

Dei hovudtillitsvalde har hatt eit høgt arbeidspress denne perioden. I tillegg til å vere med i partssamarbeidet i alle saker som gjeld oppvekstsektoren, har det framleis vore mykje som ikkje har vore klart i samband med kommunesamanslåinga. Dei hovudtillitsvalde harv og vore aktørar når alle reglement og avtalar som skal gjelde i den nye kommunen, skulle handsamast.

Samarbeid i Utdanningsforbundet sine lokallag i Øygarden, Fjell og Sund

Samanslåinga av lokallaga Øygarden, Fjell og Sund har vore slutten på ein lang samarbeidsprosess.

I mai 2019 hadde lokallagsleiarane i dei tre lokallaga møte med den samansette valnemnda. Stiftingsårsmøtet var 30. oktober 2019, og det nye styret hadde eit konstituerande styremøte 13. desember 2019.

Etter kvart som lokallagssamanslåinga og kommunesamanslåinga nærma seg, vart det meir naturleg for dei tre lokallaga å uttale seg «med ei røyst». I desember 2019 skreiv vi ein felles høyringsuttale til budsjettframlegget frå formannskapet, og vi skreiv eit felles lesarinnlegg til lokalavisa om budsjettframlegget. Tidlegare på hausten arrangerte vi politisk debattmøte om skule- og barnehagepolitikk, i samband med kommunestyrevalet.

Utdanningsforbundet Øygarden under koronakrisa

12. mars 2020 blei mykje endra for UDF Øygarden. Alle planlagde fysiske møte blei avlyste, utsette eller endra til å bli digitale møte. Årsmøtet vårt og årsmøtefesten som skulle ha vore 27. mars, vart utsett på ubestemt tid. Etter kvart som det blei tydeleg at koronarestriksjonane kom til å vare ei stund, blei Teams møtestaden vår i alle samanhengar. Dei hovudtillitsvalde, nestleiar og leiar hadde fleire møte i veka på Teams. Styremøta blei haldne digitalt, og kommunikasjonen med arbeidsplasstillitsvalde føregjekk digitalt. All kommunikasjon med UDF Hordaland føregjekk og digitalt. UDF Øygarden sende ut fleire informasjonsskriv til tillitsvalde og medlemer denne perioden. Vi hadde kommunikasjon om korleis stoda i barnehagane og skulane var i denne vanskelege tida og etter at barnehagane og skulane opna att. I juni hadde vi fysiske møte igjen i AU, med styret, med ATB-ane og med ATG-ane. På desse møta vart smittevernet godt ivaretatt.

UTDANNINGS FORBUNDET
Øygarden

Årsmøtet vårt vart halde 11. mai 2020 på Teams. Det vart eit årsmøte med redusert saksomfang, det viktigaste var å få gjennomført val slik at UDF Øygarden hadde eit fungerande styre, hovudtillitsvalde og valnemnd 1. august 2020. UDF Hordaland styrte det digitale og redaksjonelle på årsmøtet.

Stiftingsårsmøtet til UDF Vestland blei halde digitalt 9. juni 2020. UDF Øygarden hadde 7 delegatar på dette årsmøtet. Delegasjonen hadde eitt førebuande møte. Delegatane var samla i eige lokale under stiftingsårsmøtet til UDF Vestland.

Tofterøy 31. juli 2020

for styret

Elisabeth Hummelsund (lokallagsleiar)